

Førde Bridgeklubb

Protokoll frå Årsmøte 14. februar 2015

Stad /dato: Førde Hotell 14/2 -15 kl 16.22

Det møtte 23 medlemer.

Sak 1: Øystein vart vald til ordstyrar og Sjur til skrivar

Sak 2: Rolf og Ragnvald vart vald til å skrive under møteprotokoll

Sak 3: Innkalling og sakliste vart godkjende utan merknad.

Sak 4: Øystein gjekk gjennom årsmeldinga. Merknad: Hans Fauske manglar i medlemsregisteret. Samrøystes godkjend.

Sak 5: Dafinn gjekk gjennom rekneskapen. Samrøystes godkjend.


Sak 6: Styret fekk ansvarsfritak for meldingsåret.

Sak 7: Saker frå styret: 1:Styret får fullmakt til å vurdere og innføre premiering på delar av klubbkveldane, gjerne fleire klubbkveldar under eitt,men likevel slik at det vert jamn fordeling mellom premiar for plassering og premiar som vert trekte. Årsmøtet er samde og gjev styret fullmakt.

2.Etter haustturnering spanderte klubben middag for å markere 60-årsjubeleet. Skal vi gjere dette årleg? Årsmøtet har delt syn på saka. Styret får fullmakt til å jobbe vidare med dette.

Sak 8: Val: Øystein er attvald som leiar for 1 år. Dagfinn er attvald til styret for 2 år. Edvard er nyvald til styret for 2 år.

Førde 14/2 2015


Ragnvald Nordstrand

Rolf Myren


Sjur Wie -referent

